



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«UTLANDSADRESSE»


Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Anne Lise Næs		2019/663-17	«REF»	25.04.2019

Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid Detaljregulering for fv. 551 Kroka-Sundal, 57/1 og 59/1 m.fl. PlanID 20180004


Statens vegvesen startar i samsvar med Plan- og bygningslova § 12-8, arbeid med detaljregulering for fv. 551 Kroka-Sundal, 57/1 og 59/1 m.fl., PlanID 20180004.

Planarbeidet er del av Kvinnheradpakken som Kvinnherad kommunestyre slutta seg til 25.10.2018, og planområdet omfattar vegstrekninga frå avkøyring til Kroka til og med Musskjerneset, samt ein teig på eigedom 57/1.

Formål med planen er å sikre den mest skredutsette strekninga innanfor planområdet, og dette ved å regulere ein skredsikringstunnel. Forprosjektet frå mars 2018, sjå vedlegg, tilrår den kortaste tunnelen som det no vert starta planarbeid med. Lengde på tunnelen er ca. 1400 meter, sjå planavgrensing:



Planarbeidet omfattar i tillegg deponiområde for overskotsmassar på ein anna teig, ved Dysnes i Austrepollen. Området er eit tidlegere deponi frå utbygginga av Folgefonnstunnelen. Tiltaket er ikkje vurdert som spesielt stort, og massane som vert lagra vil verta nytta til utbyggingsprosjekt som pågår i kommunen. Arealet er ca. 50 daa, sjå kartutsnitt med planavgrensing:



Planarbeidet vert eit samarbeid mellom Statens vegvesen og Kvinnherad kommune jf. referat frå oppstartsmøte. Sjå vedlegg.

Det er eit mål at Statens vegvesen sender forslag til reguleringsplan til handsaming i Kvinnherad kommune innan utgangen av 2019.

Det er vurdert at planarbeidet ikkje utløyer krav om konsekvensutgreiing, sjå vedlagt notat datert 16.04.19.

Konsekvensane av vegtiltaket vil bli vurdert og gjort greie for i planomtalen som ein del av planarbeidet.

Det er planlagt å halde 2 folkemøte som del av planarbeidet, og første møte vert på Mauranger skule 28. mai frå kl. 18-20.

Kunngjeringsdokument er også tilgjengeleg på kommunen si internettside og hjå www.vegvesen.no.

Innspel til planarbeidet skal sendast som e-post til post@kvinnherad.kommune.no eller som brev til:

Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 Rosendal

Frist for uttale er 14.6.19